

1. Bli kjend med *Faktafyk*

Før lesinga:

A) Kva for saker har du lyst til å lese om?

- 1 Bla i *Faktafyk*, sjå på overskrifter og bilete og les ingressane til dei ulike tekstane.
- 2 Vel nokre tekstar du har lyst til å lese, og nokre du ikkje trur du vil like.
- 3 Grunngi vala dine.

Tekstar eg har lyst til å lese:	Fordi:
Tekstar eg ikkje trur eg vil like:	Fordi:

B) Del med klassen eller gruppa kva for tekstar du har valt.

Undervegs:

A) Leselogg

Les ein av tekstane du valde i *Faktafyk*.

Noter i denne leseloggen mens du les.

<p>Set teksten i gang bestemte kjensler?</p> <p>Er det noko som gjer deg irritert? glad? sint? trist? skuffa? tankefull? overraska? engasjert?</p>	<p>Eg blei.....då eg las denne teksten, fordi.....</p>
<p>Kva handlar teksten om? Noter stikkord.</p>	

<p>Fekk du vite noko som du ikkje visste frå før? Noter stikkord.</p>	
<p>Noter spørsmål til det du ikkje forstår i teksten:</p> <p>Er det noko du lurar på, noko som gjer deg nysgjerrig?</p>	
<p>Er teksten skriven på ein spesiell måte? Kva slags type tekst er dette (sjanger)? Korleis er språket? Er det vanskeleg eller lett å lese?</p> <p>Noter ned vanskelege ord:</p>	
<p>Noko du berre kom til å tenkje på:</p>	

Etter lesinga:

A) Tenk på ein av tekstane du likte å lese, eller ein du ikkje likte så godt. Prøv å skildre korleis du opplevde å lese denne teksten.

Når du skildrar leseopplevinga di, kan du for eksempel bruke nokre av desse igangsetjarane:

Då eg las, la eg merke til ...

Eg synest at ...

Eg likte godt då ...

Eg blei irritert over ...

Det gjorde inntrykk på meg at ...

Dersom eg var ...

Eg blei skuffa over ...

Eg blei overraska over ...

Slutten var ...

Eg likte teksten fordi ...

Eg likte ikkje teksten fordi ...

B) Etter at du har lese tekstar i *Faktafyk*, kan du dele leseopplevinga di med klassen eller gruppa. Ta utgangspunkt i notata dine og setningane med igangsetjarar. Sei også noko om korleis forventningane dine blei møtte. Stemmer opplevinga di av tekstane overeins med det du først tenkte då du såg tittel, ingress og bilete?